



Invitasjon til barnekretsturnstemne på Hareid 24. - 25. Mai 2025

Hareid IL turn har gleda av å invitere til turnstemne for barn og ungdom i alderen 6-22 år. Vi ser fram til ei innhaldsrik helg med mange aktivitetar og konkurranse.

Stad - Hareidhallen. Dei ulike aktivitetane vil finne stad i Hareidhallen og området rundt.

Overnatting – i klasserom på Hareid barneskule i gangavstand til Hareidhallen. Alle som overnattar ved skulen må ha med liggeunderlag, sovepose mm.

Mat - Maten blir servert i klubbhuset i Hareidhallen. Opplysningar om matallergi **må**førast på påmeldingsskjema.

Felles underhaldning i Hareidhallen – Det blir felles underhaldning i Hareidhallen etter turntoget på laurdag.

Stemneprisen – Kvar klubb viser fram sin stemneprisdans. Tema for stemnepris er i år **FANTASY**. Alle må melde frå om kva emne dei har valt innan 15.03.25. Kun eit lag per emne for å skape variasjon og kreativitet.

Show og oppvisning - Det er høve til å delta i klassen for show og oppvisning. Det finnes eige reglement for dette.

Særtropp – Dei som ynskjer å delta med særtropp kan gjerne det. Dette vil vere utanfor konkurransen.

Synsar - Alle klubbar må melde inn ein synsar/dommar ved påmelding. Gi opp namn, tlf. og e-post til personen som skal vere dykkar synsar/dommar. Kriterium for vurdering av stemnepris og show og oppvisning er skildra i MRGTK sine retningslinjer for barnekretsturnstevne (oppdatert 2025).



Medaljar – Hareid IL turn bestiller inn deltakarmedaljar til alle utøvarar. Kvar enkelt klubb må sjølv bestille årsmedalje for deltaking på kretsturnstemne for sine gymnastar. Dette kan bestillast gjennom idrettsbutikken.no

Kriterium for medalje:

Bronse	2 år
Sølv	4 år
Gull	6 år
Gull m/krans	7 år
Plakett	8, 9 og 10 år

Totebag -Det vil bli mulig å bestille totebag med trykk i enten svart eller rosa. Den vil koste kr. 100,-, og kan bestillast i påmeldingsskjema.

Under finn dykk forventa program for helga. Med forbehold om endringar.

Lørdag, 24. mai:

10.30-11.45	Ankomst Hareid barneskule
09.00-11.30	Trening i Hareidhallen
12.40	Oppstilling til turntoget (husk fane)
13.00	Avmarsj for turntoget
14.00	Utlevering av lunsj
15.00-16.00	Felles underhaldning i Hareidhallen
16.00-18.30	Trening i Hareidhallen
19.00-20.30	Puljevis middag ved Aulaen på Hareid ungdomsskule
20.00-21.30	Musikk og leik i Hareidhallen. Kiosk ved klubbhuset.



Søndag, 25. mai:

08.00 – 10.00	Frokost i klubbhuset
08.45 – 12.15	Trening i Hareidhallen
11.00	Lagleiarmøte
11.30	Utdeling av lunsj
12.45	Oppstilling til innmarsj
13.00	Innmarsj og konkurransestart

Prisar:

Overnatting med frukost	kr 175 pr. person
Hyggekveld med middag	kr 175 pr. person
Lunsj laurdag	kr 75 pr. person
Lunsj søndag	kr 75 pr. person
Totebag	kr 100 pr. person
Startkontingent	kr 300 pr. person
Stemnepris	kr 300 pr. klubb
Show og oppvisning	kr 300 pr. klubb
Særtropp	kr 300 pr. klubb



FRISTAR:

15.03.25 Bindande påmelding og betaling. Påmelding på vedlagt skjema. Vi ber om samla betaling frå klubbane til Hareid IL turn sin konto 4093.30.45872 Merk: Barnekretsturnstemne 2025 + klubben sitt namn.

15.03.25 Send inn val av tema til stemnepris

10.05.25 Send inn utstyrsliste til bruk i programma. Vi har ikkje konkurransetrampett tilgjengelig. Om dette skal nyttast må klubben sjølv ta med.

E-post: basishallen@hareidil.no

HUSK:

Påmeldinga må innehalde namn, fødselsår til alle deltakarane, evt allergiar og kontaktinformasjon på synsar

Namn på kontaktpersonar, telefonnummer og e-postadresse til desse.

Dersom dykk har spørsmål om Barnekretsturnstemnet, ta gjerne kontakt med: Trenar Linn Urke mob: 957 55 407 linnurke@gmail.com
Trenar Helene Kvalsund mob: 936 98 334 helenemarie.kvalsund@gmail.com

Alternativ overnatting for foreldre og andre som kjem til Hareid denne helga, kan vi anbefale Quality Ulstein Hotel.

Velkomen til Hareid! 😊

Beste helsing
Hareid IL turn